Nasjonalt klageorgan for helsetenesta

Postboks 230 Skøyen, 0213 Oslo
post@helseklage.no | helseklage.no
Telefon: 22 99 36 30
Organisasjonsnr.: 984 936 966

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010
Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Referansen dykkar:	Referansen vår:	Dato:
	N2023/6592-2	13. september 2023

Høyringssvar - forslag til endringar i førerkortforskrifta

Nasjonalt klageorgan for helsetenesta er, mellom anna, klageorgan i sakene kor ein førar har fått avslag på søknaden sin om dispensasjon frå helsekrava i førarkortforskrifta vedlegg 1 hjå ein av statsforvaltarane etter vedlegg 1 § 7 i førarkortforskrifta.

Me syner til forslaget frå Statens vegvesen om å endre nokre av føresegnene i førarkortforskrifta. Vegvesenet har grunngitt forslaget med at regelverket i dag gir rom for mistydingar og ulik praksis.

Me har nokre kommentarar til forslaget dykkar om ei ny føresegn § 6a i vedlegg 1., som gjeld dispensasjon frå krava til førleik i førerkortforskriften vedlegg 1 § 41.

Forslaget til ny § 6a i vedlegg 1.
Me er samde med vegvesenet i at det kan vere fornuftig at ein person med nedsett førleik som har klart oppkøyringa i ei klasse innanfor ei førarkortgruppe ikkje automatisk får førarrett i dei lettare klassane innan den same førarkortgruppa. Me har tillit til at sensoren, som har spesialkompetanse på køyretøy for personar med nedsett førleik, kan avgjere kva førarkortklassar som føraren kan handtere. Det er til dømes ikkje gitt at ein person som handterer ein type utstyr i ein bubil vil klare å handtere det same utstyret i ein mindre bil. Dette er av di føraren kan trenge meir boltreplass enn det hen kan få i den lågare klassa.

Me er usikre på korleis me skal forstå utsegnene til vegvesenet om dispensasjonsregelverket under punkt 3.2.2 i høyringsnotatet. Her skriv de at det, ved å gi dispensasjon frå helsekrava, er rom for å avgrense dispensasjonen til einskilde førarkortklassar. Me er usikre på om de her tek sikte på dispensasjonssaker generelt etter førerkortforskriften § 7, eller berre saker om førleik. Me er òg usikre på de syner til dagens regelverk, eller regelverket slik de vil vere om endringsforslaga dykkar vert vedtekne.

Sjølv om me meiner det kan vere gode grunnar for å gi avgrensa dispensasjon til einskilde førarkortklassar for dei med nedsett førleik, er me usikre på i kva grad det er rom å gjere

dette berre for denne førarkortgruppa. Me tenker då spesielt på dei EØS-rettslege forpliktingane våre.

Med venleg helsing
NASJONALT KLAGEORGAN FOR HELSETENESTA

Dokumentet er godkjend elektronisk

Anders Bøyum Halvorsen
juridisk rådgjevar

Per Erik Omdal
avdelingsdirektør